

SU - Dekanvedtak 10/2025

Notat

Til: Institutt for pedagogikk og livslang læring, Institutt for lærerutdanning, Institutt for sosialt arbeid, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, Institutt for psykologi, Institutt for geografi og sosialantropologi

Kopi til:

Fra: Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen fysisk signatur

Dekanvedtak - Rammer for ressursplanlegging ved SU

Endringer i fakultetet sine rammevilkår dei siste åra har gjort det tydeleg at SU treng større openheit om ressursplanlegging og oppgåvedimensjonering, mellom anna for å leggje betre til rette for omstilling og økonomisk balanse. Dekanvedtaket om rammer for ressursplanlegging ved SU skal gje eit felles grunnlag for planlegging av personalressursar til undervisning, bidra til openheit om ressursbruk og prioriteringar og vere eit verktøy i porteføljestyling og dimensjonering av utdanningsverksemda. Vidare skal rammene gjere det lettare å realisere fellesskapsløysingar, nytte undervisningsressursar på tvers av institutt/studieprogram og bidra til å oppretthalde forskingsressursen i fagmiljøa i ei tid då rammevilkåra i sektoren er i endring.

Som felles rammer for ressursplanlegging ved SU-fakultetet gjeld:

- Standard antal timar i eit årsverk:
 - o Opp til 59 år: 1695 timar
 - o 60 år og eldre: 1657 timar
- Planleggingsramme for emne:
 - o 7,5 studiepoeng: 200 timeverk
 - o 15 studiepoeng: 370 timeverk
- Vektfaktorar for undervisning:
 - o Forelesning: 4 timeverk
 - o Originalforelesning gitt av stipendiat/nytilsett: 6 timeverk
 - o Seminar: 2 timeverk
- Norm for antal timeverk for rettleiing av masteroppgåver:
 - o 30 studiepoeng: 30 timeverk
 - o 45 studiepoeng: 40 timeverk
 - o 60 studiepoeng: 50 timeverk

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Saksbehandler
7491 TRONDHEIM	E-post: postmottak@su.ntnu.no http://www.ntnu.no	Dragvoll, Loholt Allé 87, Paviljong C	+47 73 59 19 00 Telefaks +47	Charlotte Gaertner Tlf: +47 73 59 19 12

All korrespondanse som inngår i saksbehandling skal adresseres til saksbehandling enhet ved NTNU og ikke direkte til enkeltpersoner. Ved henvendelse vennligst oppgi referanse.

- Rammer for rettleiing av ph.d.-kandidatar: 210 timeverk

Dekan framhevar at rammene for ressursplanlegging ikkje skal gripe detaljert inn i korleis ein planlegg og organiserer undervisninga. Det følgjer av rammestyringsprinsippet at institutta står fritt til å prioritere korleis ressursane blir nytta innanfor instituttet sine økonomiske rammer, ut frå strategiske vurderingar, fagleg eigenart og pedagogiske omsyn. Rammene gir dermed ikkje ei maksimal ressurstildeling til eit emne, men skal vere ei planleggingsramme for å vurdere bemanningsbehov og synleggjere konsekvensar av endringar i emne- og studieporteføljen. I tillegg skal felles planleggingsrammer vere eit verktøy for å unngå at reduserte løyvingar fører til auka undervisningsbelastning på dei tilsette og dermed mindre tid til forskning.

Planleggingsrammene skal gjelde frå studieåret 2026/2027 og skal ligge til grunn i arbeidet med SPP 2027-2030 og bemanningsplan for 2026.

Rammene er nærmare skildra under.

Årsverk

Tabell 1 viser timeverka som utgjer eit årsverk ved SU-fakultetet. Frå 60 år har tilsette ei ekstra ferieuke. Eit årsverk for denne gruppa utgjer dermed 37,5 timar mindre enn for yngre tilsette, runda av til 1657 timeverk.

Alder	Årsverk, 100 %
Opp til 59 år	1695 timeverk
60 år og eldre	1657 timeverk

Tabell 1 Timeverk i eit årsverk.

Seniordagar frå fylte 62 år er ikkje rekna inn i normeringa av eit årsverk.

Planleggingsramme for emne

Planleggingsramma for emne tek utgangspunkt i eit emne med 50 studentar og 12 veker undervisning. Planleggingsramma inkluderer emneansvar og sensur.

Emnestorleik	Planleggingsramme
7,5 sp	200 timeverk
15 sp	370 timeverk

Tabell 2 Planleggingsramme for emne på 7,5 og 15 studiepoeng.

Dekan presiserer at ramma i tabell 2 er ei planleggingsramme, ikkje ein maks- eller idealsum for eit gitt emne. Det er dermed forventat at institutta i den konkrete undervisningsplanlegginga vurderer ressurstildeling til enkeltemne ut frå reelle studenttal og emnet sin eigenart.

Vektfaktor for undervisning

Dekan vedtar ramme for utteljing per undervisningstime innanfor tre kategoriar av undervisning slik det kommer fram av tabell 3. Kategoriane som er valde inneberer ei grov inndeling i ulike typar av undervisning – dei er ikkje eit signal om føreterkte former for undervisning og er ikkje dekkande for det mangfaldet av læringsaktivitetar som skjer på SU-fakultetet.

Oppgåve	Utteljing per undervisningstime
Forelesing	4 timeverk
Originalforelesing gitt av stipendiat/nytilsett	6 timeverk
Seminar	2 timeverk

Tabell 3 Faktorar for veking av undervisning.

Ved innleige av gjesteforelesarar og når ein utvekslar undervisningsressursar mellom institutt er det ressurstildelinga i det aktuelle studieprogrammet som set rammene for innleigeavtalen.

Rettleiing av masteroppgåver

Tabell 4 viser timeverk for rettleiing av masteroppgåver på 30, 45 og 60 studiepoeng. Norma gjeld alle masterprogram ved SU. Sensur kjem i tillegg til rettleiingsressursen. Ved fleire rettleiarar skal timeverka bli fordelte mellom rettleiarane.

Storleik på masteroppgåva	Timeverk per oppgåve
30 studiepoeng	30
45 studiepoeng	40
60 studiepoeng	50

Tabell 4 Norm for timeverk til rettleiing av masteroppgåver ved SU.

Ph.d.-rettleiing

Rettleiing av ein ph.d.-kandidat skal ha ei ramme på 210 timeverk. Heile eller deler av ressursen kan inngå i rettleiaren si forskningstid, ut frå lokale vedtak eller instituttleiaren si vurdering i det enkelte forskingsprosjektet.